



Lukasz Tomasz Banasik  
Skarsvegen 286  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18028 - 20/73861

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:  
18.11.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 145/36 Fosse Indre

Tiltak: Terrasse  
Byggjestad: Gbnr: 145/36  
Tiltakshavar: Lukasz Tomasz Banasik

Vi har mottatt søknaden din den 05.11.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Teikningar**

Du har vist på kartet at terrassen blir 5 x 8,25 m, men ikkje kor høgt over bakken han kjem. Vi vil ha teikningar av terrassen sett framifrå og frå sidene.

2. **Godkjent dispensasjon frå byggegrensa**

mot Fylkesveg 5476, Skarsvegen. Alle byggetiltak innafor byggegrensa, som er 50 meter, må ha dispensasjon frå byggegrensa. Denne søknaden skal fylkeskommunen handsame, og må ligge føre før vi kan handsame byggesaka. Du søker på Statens vegvesen sin portal:

<https://www.vegvesen.no/trafikkinformasjon/langs-veien/soknad-om-dispensasjon-fra-byggegrenser>

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 18.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Saksbehandlingsfrist**

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Lukasz Tomasz Banasik                                      Skarsvegen 286                                      5911      ALVERSUND

### **Mottakarar:**

Lukasz Tomasz Banasik                                      Skarsvegen 286                                      5911      ALVERSUND